



Juleteet var eit vandrette – det blir nytta på tre festar i dalen denne jula. Til venstre for det sit mellom andre sokneprest Nilsen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Etter juletefesten på Vonheim i fjor skreiv uskedalen.no at halve grenda hadde vore på festen. Då var det over 40 der. Etter årets fest på fredagskvelden må vi justera konklusjonen til ”meir enn halve grenda”, for denne gongen kom det godt over 50. Haugland/Musland er ein krins som i høgste grad held gode tradisjonar levande.

Mange av dei som var til stades hadde gode minne frå tidlegare juletefestar, sjølv om Pål Haugland mintes at det var eit problem då det var vedfyring å halda oppe temperaturen i Vonheim. No er det motsette tilfellet – det har lett for å bli i varmaste laget!



Ingvill Myklebust og Amalie Haugland Røstbø las jule-evangeliet. (Foto: Thor Inge Døssland)

Denne festen, som har vore eit høgdepunkt i krinsen heilt sidan Vonheim vart vigsla i 1933, opna også denne gongen på tradisjonell vis: Ni frå musikklaget spela fire julesongar og veteranar meiner at det var eit 20-årsjubileum. Musikklaget spela første gong i 1987 etter initiativ frå Leif Matre.

Denne gongen var det Ingvill Myklebust og Amalie Haugland Røstbø som las jule-evangeliet og festen var så heldig å bli vitja av den nye soknepresten Svein Harald Nilsen som heldt andakt. Han fortalde mellom anna at han hadde fått geit og kyllingar i julegåve. Det må presiserast at han hadde kjøpt dei som gåvebrev med støtte til Kirkens Nødhjelp – utan tvil ei fornuftig løysing med



"Vi klapper i hendene....." (Foto: Ola Matti Mathisen)

tanke på den globale solidariteten. Dessutan slapp soknepresten å ha styret med dei levande dyra.....



Musikklaget har truleg spela i 20 år på Vonheim-festen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Ei anna overraskande opplysning kan vi bringa: Uskedalen har ikkje berre den einaste permanente julegrana i vår del av fylket, vi har også ei ambulerande julegran som blir nytta under tre festar!

Det flotte, slanke treet som fredag kveld gjorde teneste i Vonheim starta jula i Aktivitetshuset under skuleavslutninga og no skal det vidare til juletreffesten i bedehuset på sundagskvelden. Dette er verkeleg fornøftig ressurs-utnytting!



Litt skræmmande var møtet med nissen... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein annan tradisjon under juletreffesten på Vonheim er at alle har med seg mat heimefrå, noko som utan tvil arrangørane set pris på. Då kan dei konsentrera seg om andre oppgåver – til dømes å finna på nye og spanande innslag. Den moderne teknologi vart denne gongen utnytta med ein konkurranse under mottoet "Bit for bit – bilde for bilde" og her vanta det ikkje engasjement frå dei to laga som tevla. Festeiar Britt Torill M. Mathiesen og dataekspert Tore Mathiesen har her truleg laga ein ny tradisjon.



I gangen rundt juletreet er det ingen aldersgrense korkje nedover eller oppover. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og så kom sjølvsagt nissen. Denne gongen var det ein ung nisse, så er er tydelegvis ikkje noko problem med rekrutteringa i nisseflokket heller - oppe i dalen.

Av Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland.



Maten er servert og alle rundt bordet heiter Haugland. Næ rast fotografen sit Johannes. Vidare frå høgre sit Svanhild, Torbjørn, Ingebjørg, Solveig, Veslemøy, Pål Ingmar, Astrid og Pål. (Foto: Ola Matti Mathisen)